

OPPGJER ETTER VEDTAK ELLER FORLIK I HUSLEIGETVISTUTVALET (HTU)

Dersom HTU sitt vedtak ikkje vert bringa inn for tingretten, vert vedtaket bindande for partane. Eit forlik er bindande for partane straks det er inngått. Dersom ein part er pålagt ei handlings- eller betalingsplikt, skal parten oppfylle denne plikta innan ein fastsett oppfylingsfrist.

Oppfylingsfrist

Oppfylingsfristen er fastsett i vedtaket eller forliket. Vanlegvis er fristen for å oppfylle Husleigetvistutvalet sitt vedtak to veker frå vedtaket er kunngjort for partane.

Korleis vert oppgjeret gjennomført?

Partane har sjølv ansvaret for å gjennomføra oppgjeret. Dersom utleigaren har fått medhald i eit pengekrav, kan utleigaren fremja krav om betaling frå eit eventuelt depositum etter at avgjerda er vorte bindande (rettskraftig). Elles skal den parten som er pålagt å utføra ei handling eller å betala eit beløp, ubeden syta for at dette vert gjort innan fristen.

Motrekning

Dersom to partar er pålagde å betala kvart sitt beløp til kvarandre, kan ein motrekna beløpa. Partane sine krav er då oppgjorde dersom dei dekkjer kvarandre.

Kva om oppgjeret ikkje skjer frivillig?

Dersom det ikkje vert gjort opp innan fristen, kan den som er tilgodesett i vedtaket eller forliket setja fram eit krav om tvangsfullføring for namsmannen. I dei store byane har namsfuten som ei av oppgåvene sine å vera namsmann. Utanfor dei store byane er det lensmannen som er namsmann. Sjå www.politiet.no.

Renter

Dersom ein part i eit vedtak eller forlik er pålagt å betala forseinkingsrente etter lova, må partane sjølv rekna ut beløpet. Ved tvangsinn driving kan det tenkjast at namsmannen hjelper til med dette. Rentesaen kan etter forseinkingsrentelova § 3 endrast den 1. januar og 1. juli kvart år. Det er enkelt å rekna ut rentebeløpet ved hjelp av ein rentekalkulator. På heimesida til Husleigetvistutvalet, www.htu.no, finn du ei lenkje til ein rentekalkulator under hovudpunktet «Kalkulatorar».

Har du spørsmål?

Kontakt oss i HTU på telefon eller e-post. [Sjå www.htu.no](http://www.htu.no).